

Eksamen

26.11.2019

HSE3002 Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Helsesekretær vg3

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Før det til slutt i oppgåva. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: augekatarr
Informasjon om vurderinga	<ul style="list-style-type: none">• Det er kompetansemåla i læreplanen som utgjer grunnlaget for vurderinga av eksamenssvaret ditt.• Beskriv alle vala du tek, og grunngi dei fagleg.• Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene.• I vurdering vil det bli lagt vekt på at du uttrykker deg tydeleg og fagleg korrekt. <p>Om du bruker mykje klipp og lim frå andre sine tekstar, kan du få lågare karakter fordi det da er vanskeleg å vurdere kva kompetanse du har.</p>

Oppgave 1

Drøft denne påstanden:

«Helsesekretæren skal bruke den same kommunikasjonsmodellen overfor alle pasientar uavhengig av alderen og livssituasjonen deira.»

Oppgave 2

- a) Sjå vedlegg 1. Skriv eit journalnotat ut frå det du observerer.
- b) Drøft denne påstanden med forankring i lovverket:

«Som helsesekretær vel du sjølv kva du skriv i journalen.»

Oppgave 3

Du sit i skranken på legekantoret. I dag får du ein telefon frå Lise Hansen, barnebarnet til Ole Hansen. Ole Hansen døydde for 6 månader sidan. Ho lurar på om ho kan få ein kopi av journalen til farfaren, for ho ønsker å bruke data frå journalen i samband med ei forskingsoppgåve. Ho spør om du kan kopiere journalen og sende han til henne.

Gjer greie for det gjeldande regelverket om teieplikt og personvern.

Oppgave 4

Du er nyttilsett på eit legesenter og jobbar saman med fleire yrkesgrupper, som legar, andre helsesekretærar og ei jordmor. Alle har det travelt, og du kan føle ei dårleg stemning blant helsesekretærane. I stillingsinstruksjonen til helsesekretærane står det at dei skal hjelpe legane.

Jordmor har eigen praksis med ansvar for eigne oppgåver og eige utstyr. Også ho har det travelt, og du hjelper henne med vask av utstyr når du sjølv har tid. Fleire ved legekantoret bruker det same utstyret. Nokre av dei andre helsesekretærane ser at du hjelper til med utstyrvask, og du veit dei snakkar bak ryggen din og sender snappar til kvarandre om dette. Dei meiner du går utover stillingsinstruksjonen din.

Drøft ut frå teori og lovverk korleis du går fram for å løyse denne konflikten.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: øyekatarr
Informasjon om vurderingen	<ul style="list-style-type: none">• Det er kompetansemålene i læreplanen som utgjør grunnlaget for vurderingen av eksamensbesvarelsen.• Beskriv alle valg du tar, og begrunn dem faglig.• Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene.• I vurderingen vil det bli lagt vekt på at du uttrykker deg tydelig og faglig korrekt.• Hvis du bruker mye klipp og lim fra andres tekster, kan du få lavere karakter fordi det da er vanskelig å vurdere hvilken kompetanse du har.

Oppgave 1

Drøft denne påstanden:

«Helsesekretæren skal bruke den samme kommunikasjonsmodellen overfor alle pasienter uavhengig av alderen og livssituasjonen deres.»

Oppgave 2

- a) Se vedlegg 1. Skriv et journalnotat ut fra det du observerer.
- b) Drøft følgende påstand med forankring i lovverket:

«Som helsesekretær velger du selv hva du skriver i journalen.»

Oppgave 3

Du sitter i skranken på legekantoret. I dag får du en telefon fra Lise Hansen, barnebarnet til Ole Hansen. Ole Hansen døde for 6 måneder siden. Hun lurte på om hun kan få en kopi av journalen til farfaren, for hun ønsker å bruke data fra journalen i forbindelse med en forskningsoppgave. Hun spør om du kan kopiere journalen og sende den til henne.

Gjør greie for gjeldene regelverk om taushetsplikt og personvern.

Oppgave 4

Du er nyansatt på et legesenter og jobber sammen med flere yrkesgrupper, som leger, andre helsesekretærer og en jordmor. Alle har det travelt, og du kan fornemme en dårlig stemning blant helsesekretærene. I stillingsinstruksen til helsesekretærene står det at de skal bistå legene.

Jordmor har egen praksis med ansvar for egne oppgaver og eget utstyr. Også hun har det travelt, og du hjelper henne med vask av utstyr når du selv har tid. Flere ved legekantoret bruker det samme utstyret. Noen av de andre helsesekretærene ser at du hjelper til med utstyrvask, og du vet de snakker bak ryggen din og sender snapper til hverandre om dette. De mener du går utover stillingsinstruksen din.

Drøft ut fra teori og lovverk hvordan du går fram for å løse denne konflikten.

Vedlegg 1: augekatarr/øyekatarr



Kjelde/kilde:

<https://www.onlinelege.no/temaer-om-helse/oeyekatarr-skal-det-behandles-kan-barnet-gaa-i-barnehagen.html>



www.vigoiks.no/eksamen